# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Erstad & Lekven Utbygging AS
Paradisalléen 8
5232 PARADIS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 14.09.2017 |
| Vår: 14/7672 - 17/26260 | EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - delar av punkthus 2 Langheiane B6 seksjonsnr: 18, 24, 27 og 34 - gbnr 188/769 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 423/17**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Erstad & Lekven Utbygging AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Erstad & Lekven Utbygging AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10. |

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 09.07.15, igangsettingsløyve datert 03.09.15 og 23.02.16, mellombels bruksløyve datert 03.07.17.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

I følgende seksjoner; Langheiane 77 - seksjon 19-23, seksjon 25-26, seksjon 28-33 og seksjon 35, vil det gjenstå mindre byggningsmessige arbeider for å komplettere leilighetene. Kan nevne bl.a. montering av innerdører, lister og sluttkontroll fra tekniske fag.

Vidare er det i følgjebrev datert 01.09.17 opplyst følgjande:

Dette er redegjørelse for søknad om midlertidig brukstillatelse for deler av tiltaket til prosjektet KnaZen, Langheiane felt B6, saknr. 14/7672.

Vi viser til tidligere godkjente søknader og senest ferdigattest for småhus i rekke og midlertidig brukstillatelse for PH1 med garasje, datert 3.7.2017.

Det søkes nå om midlertidig brukstillatelse for Langheiane 77, punkthus 2 (PH2), nærmere bestemt seksjon 18, 24, 27 og 34. Alle fellesarealer er ferdige opparbeidet og klare til bruk. Det gjenstår kun mindre arbeider innbyrdes i resterende seksjoner.

Det vil sendes egen søknad om ferdigattest for hele prosjektet når resterende seksjoner i PH2 er ferdigstilt. Jf. Midlertidig brukstillatelse for PH1 med garasje, gitt 3.7.2017.

Vi ber om snarlig saksbehandling da overlevering av leiligheter er planlagt i uke 39.

Mellombels bruksløyve gjeld del av punkthus 2: seksjonsnr. 18, 24, 27 og 34.

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.17

Det vert elles vist til søknad motteken 01.09.17.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for seksjonsnr. 18, 24, 27 og 34, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Langheiane 77 |
| Bygningstiltak: | Delar av punkthus 2 «PH2» - seksjonsnr. 18, 24 ,27 og 34, samt fellesareal |
| Bygningsnummer: | 300594501 |
| Bruksareal: | 1624,7 $m^2$ samla for PH2 |
| Vatn og avløp: | Offentleg |

## VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av punkthus 2 på eigedom gbnr. 188/769, mellombels bruksløyve gjeld seksjonsnr. 18, 24, 27 og 34 og innvendig og utvendig fellesareal:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: seksjonsnr. 18, 24, 27 og 34, samt fellesareal.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 31.12.17.**

**Bortfall av mellombels bruksløyve**
Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7672

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Erstad & Lekven Utbygging AS | Paradisallèen 8 | 5232 | PARADIS |
| Forum Arkitekter AS | Damsgårdsveien 16 | 5058 | BERGEN |
| Forum Arkitekter AS | Damsgårdsveien 16 | 5058 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Erstad & Lekven Utbygging AS | Paradisalléen 8 | 5232 | PARADIS |